



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy,

Tildelingsbrev - Desentralisert ordning for kompetanseutvikling - 2019 - Nordhordaland region

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 774 386** til Lindås kommune, organisasjonsnummer 935 084 733, kontonummer 3201 05 89311, merka «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling».

Føringar for tildelinga

Fylkesforum har bestemt at tildelinga av midlane skal ta utgangspunkt i lærarårsverka i dei lokale kompetanseregionane/friskulenettverka, og at midlane skal fordelast likt mellom desse og UH. Det statlege tilskotet skal følgjast av kommunal medfinansiering på 30 prosent. Midlane som vert tildelt gjennom dette brevet er til kompetanseregionen/friskulenettverket. Fylkesmannen vil ha ei eiga tildeling til UH.

Fylkesforum har også bestemt at midlane skal delast ut direkte til kompetanseregionane/friskulenettverka. Det er den enkelte kompetanseregion/friskulenettverk sitt ansvar å sjå til at midlane i ordninga blir fordelt mellom dei ulike skuleeigarane.

Premiss og føresetnader for bruk av tildelinga

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling har som premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggje på tilstandsvurderingar og -analyser og konkrete skulebaserte utviklingsopplegg skal utformast i ein dialog mellom eigar og UH.

Det er ein føresetnad for tildelinga at skuleeigar set i verk tiltak knytt til sektormåla for skulen:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse.
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.



Dei fleste skular og skuleeigarar er for tida i gang med arbeid knytt opp mot fagfornyninga. Midlane som blir utløyst av den desentraliserte ordninga kan også nyttast i dette arbeidet.

Rapportering

Vi legg ved rapporteringsskjema for dei tildelte midlane i 2019. Kvar enkelt skuleeigar skal rapportere til Fylkesmannen på korleis midlane er eller vil bli brukt. Rapporteringsfristen er 15. juni 2020. I rapporteringa skal bruken av midlane gå fram.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av det kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Spørsmål om tildelinga kan rettast til Kjetil Stavø Høvig, fmhokjh@fylkesmannen.no / 5557 2260.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Kjetil Stavø Høvig
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent